

Prosjekt Tursti Hattebergfossen

Rosendal



Bakgrunn

Turstien rundt Hattebergfossen i Rosendal er truleg den mest brukte turstien i området. Den rundt 1 time lange turen vert nytta av både fastbuande og tilreisande og gjev fine opplevingar i kulturlandskapet rundt Baroniet Rosendal. Den har stor verdi for reiselivsbedriftene i rosendalsområdet.

Det store talet brukarar som årleg går turen slit på sjølve stien og skapar behov for ekstra god skilting og informasjon om turen. Det har til no vore for dårlig skilting.

Stien går delvis gjennom Hattebergsdalen landskapsvernområde. Granfeltet er hogstmodent og står i ein bratt skråning ned mot elva. På strekningen der stien går langs fossen, er det ekstra store utfordringar både med utrasing av sti og rotvelter. Dei siste åra har mykje av granene rotvelta, seinast no 10. januar 2015 har mange tre velta og lagt seg i stien.

Grunneigarane i området har ønskje om å få styrt straumen av turgåarar med god skilting og merking slik at dei lett finn vegen og at ein ikkje kjem i konflikt med beitedyr. Gjerne med gode grindar og gjerdeklyvar.

Målet

er å få ein tursti rundt Hattebergfossen som er godt skilta, trygg å gå og med god standard. Ein tursti som vil vera til glede både for fastbuande og besøkjande og som vil auka den allereie store bruken av stien. Vi håpar og trur at nye brukargrupper vil ta stien i bruk og at prosjektet vil vera eit fint bidrag til folkehelsearbeidet i kommunen.

Prosjekteigar

Grunneigarane; Baroniet Rosendal, Knut N. Hatteberg og Jens Åge Fossberg.


Samarbeidspartar i prosjektet:

- Grunneigarane
- Kvinnherad kommune v/turistinformasjon, skogbrukskontor og landbrukskontor
- Rosendal turnlag si turgruppe
- Forvaltningmyndighetene i Hattebergsdalen landskapsvernområde

Fakta

Turen startar og sluttar ved Baroniet sin parkeringsplass/i sentrum.

Det gule området er strekningen der stien går gjennom landskapsvernområdet.




<i>Strekning</i>	<i>Standard på ulike deler av stien</i>
Frå parkeringsplass Baroniet - til Omsbru	På eksisterande grusveg
Frå Omsbru til grense landskapsvernområde	Traktorveg gjennom beite, utbeta slik at ein kan ta ut tømmer med traktor og hengar.
Grense landskapsvernområde - bru mot Fossberg	Sti gjennom plantefelt som no er delvis sigen ut og delvis er komen ned på røtene. Er no vanskeleg og til dels farlig å gå.
Bru Fossberg – til veg Hattebergsdalen ved Fossberg	Eksisterande traktorveg
Fossberg – parkeringsplass Baroniet	På eksisterande grus-/asfaltveg

Området langs fossen var tidlegare ope og oversiktleg, men tilveksten av skog har endra dette.



Stegvis plan for området:

1. Planleggjing og prosjektering av trasé med landskapsarkitekt
 2. Utbetring av traktorveg inn til granfeltet og opparbeiding av velteplass for tømmer
 3. Uttak av granfelt i landskapsvernområdet som ligg inntil Hattebergfossen
 4. Opparbeide ny stitrasé langs fossen
 5. Merking og skilting av turstien
 6. Plan for skjøtsel og vedlikehald av området
-
1. Planleggjing og prosjektering av trasé i landskapsvernområdet med landskapsarkitekt
 - a. Det er oppretta kontakt med Landskapsarkitekt Lars Berge, som vil gjera eit skisse-/illustrasjonsprosjekt.
 - b. Skissa skal saman med ytterlegare planar danna grunnlag for finansiering av prosjektet.
 - c. Søknadsskriving. Sidan prosjektet vil strekkja seg over noko tid ser ein føre seg at det vil vera nødvendig å søkje ulike finansieringskjelder.
 2. Utbetring av traktorveg inn til granfeltet, opparbeiding av velteplass der for tømmer og uttak av granfelt i landskapsvernområdet som ligg inntil Hattebergfossen
 - a. Utkjøringsveg: Frå velteplassen ved taubanen til leveringsplass for tømmer ved Omsbru må vegen rustast opp slik at traktor med hengar kan køyre utan problem. Noko av denne kostnaden er teke inn i driftsprisen. Tilkøyring av grus, nedlegging av stikkrenner og opparbeiding av grøft er ikkje med i driftsprisen. Dette vil koste om lag kr 400,- per meter veg, 850 meter totalt kr 340.000.- Då held vegen svært god standard som turveg.
 3. Uttak av granfelt i landskapsvernområdet som ligg inntil Hattebergfossen
 - a. Granskogen er tenkt teke ut med delt driftsopplegg. Først må det nyttast taubane for å få skogen ned til traktorvegen, der den vert kvistet og kappa med hogstmaskin. Deretter vert tømmeret lasta opp på traktor med henger og køyrd ut til godkjent leveringsplass ved bilveg.
 - b. Dette utstyret er vald fordi det setter minst spor i terrenget og på utkøyringsvegen. Kostndane for drifta vert og auka fordi tømmeret må køyrast om lag 800 meter på traktorveg av enkel / simpel standard. Vegstandarden gjer at hastigheten vert låg og tidsbruken aukar.
 - c. Sjå kart nedanfor frå skogbrukssjefen.
 - d. Det har vore synfaring i feltet med entreprenør og ein anslår mengda tømmer til ca. 1000 kubikkmeter. Med ein kostnad på kr. 350,-/kubikk vil det verta ein kostnad på kr. 350.000,- å ta ut feltet
 - e. Etter uttak av granfeltet skal det ikkje plantast gran i hogstfeltet.



4. Opparbeide ny stitrasé langs fossen etter uttak av granfeltet
 - a. Dette arbeidet vil basera seg på planen utarbeidd i samarbeid med landskapsarkitekten.
 - b. Standard på den nye stitraséen vil vera godt drenert med grøfter og av ei breidde på ca. 2 meter.
 - c. Det er også ønskje om å leggja til rette to rasteplasser/utsiktspunkt langs fossen. Ein nedanfor fossen og ein ovanfor.

5. Merking og skilting av turstien
 - a. I samarbeid med Rosendal turnlag si turgruppe vil det bli laga plan for skilting langs heile rundturen «rundt fossen», som den vert kalla lokalt.
 - b. Det vil verta søkt om midlar til skilting og merking av turen.
 - c. Kvinnherad var ein av dei første kommunane i Norge som tok i bruk den nye standarden for turstiskilting og stien vil også verta skilta med symbola i den nye standarden. Stien kan då også leggjast inn på turstinettsida vår www.tursti.kvinnherad.no

6. Plan for skjøtsel og vedlikehald av området.
 - a. I samarbeid mellom vernemyndighetene, styret for Folgefonna nasjonalpark og Statens naturoppsyn, landbrukskontoret i Kvinnherad og grunneigarane vil det bli laga ein plan for skjøtsel av heile landskapsvernområdet med beiting.

TIDSPLAN:**Månad:**

		Våren 15	Haust 15	Våren 16	Haust 16	Våren 17
1	Planleggjing og prosjektering av trasé m landskapsarkitekt. Søknadsskriving for finansiering av prosjektet.	X				
2	Utbetring av traktorveg inn til granfeltet og opparbeiding av velteplass for tømmer		X			
3	Uttak av granfelt i landskapsvernområdet som ligg inntil Hattebergfossen		X	X		
4	Opparbeide ny stitrasé langs fossen etter uttak av granfeltet			X	X	
5	Merking og skilting av turstien Plan for skjøtsel og vedlikehald av området.				X	
6	Plan for skjøtsel og vedlikehald av området					X
7	Eventuell opprusting av brua ovanfor fossen					?

BUDSJETT:

HATTEBERGFOSSEN - TURSTIPROSJEKT						Kostnad	Inntekt
Planleggjing og prosjektering (skisse frå landskapsarkitekt)						50 000	
Utbetring av veg inn til granfeltet + velteplass						100 000	
Uttak av granfelt kr. 250,-/kubikk	1000 kubikk					250 000	
Opparbeiding av trasé langs fossen, inkl. rasteplasser	500 m					400 000	
Merking/skilting av turstien						100 000	
Oppsetjing av gjerde, grindar og gjerdeklivarar.						100 000	
Løyving frå fylkesmannen - Forvaltningstiltak i kulturlandskapsområde - juni 2014							50 000
Tilskot til friluftsføremål			Søkn. Feb 2015				100 000
Tilskot til lokale friluftstiltak			Søkn. Feb 2015				40 000
Tilskot frå turskiltprosjektet			Søkn. Feb 2015				100 000
Tilskot til uttak av tømmer frå SNO/Fylkesmannen							350 000
SMIL-midlar			Søknad 2015				50 000
Gjensidigestiftelsen			Søkn. Sept. 2015				310 000
Sum						1 000 000	1 000 000

Dugnadsinnsats i prosjektet

Det er allereie brukt ein del timar til planleggjing av prosjektet og mange fleire vil gå med i gjennomføringa. Dette som eigeninnsats frå Kvinnherad kommune (prosjektleiing, prosjektering av veg og hogst) , Rosendal turnlag – turgruppa (planleggjing, merking og skilting, fysisk arbeid langs stien), og kontakt med grunneigarane etter kvart som arbeid skrid fram. Dugnadsinnsatsen er ikkje konkretisert og teken med i budsjettet.

Oppsummering

Som det går fram av prosjektsøknaden er dette eit omfattande prosjekt med mange element i seg. Det vil gå over fleire år og vil involvera mange.

Det alle involverte har til felles er ønsket om å utbetra denne stien fysisk, med gode retningskilt. Vi trur då at dette vil utløysa nye uteaktivitetar i dette sentrumsnære området for mange brukargrupper frå barnehage, skule, pensjonistar og turistar.

Vi er sikre at desse brukargruppene vil få mykje att for investeringa når det gjeld folkehelse, men også kunnskap om natur og kulturlandskap gjennom informasjonspunkta som er tenkt sette opp langs vegen.

Vi er glade for å kunna starta opp arbeidet med dette gode prosjektet i Friluftslivets år 2015 og håpar på dykkar støtte til dette arbeidet.

Vi søker med dette Hordaland fylkeskommune om kr. 100.000,- til delfinansiering av prosjektet.

Vi svarar gjerne på spørsmål rundt prosjektet. Ta då kontakt med Karen Løvfall Våge ved Kvinnherad turistinformasjon, tel. 958 24 275.

For prosjekt Hattebergfossen,

Rosendal turnlag – turgruppa
Morten Nygård